

**Saksframlegg**

Saksbehandlar: Atle Skrede, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 16/2900-3

**Tildeling av spelemidler 2016**

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

**Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Det vert løyvd midlar til følgjande nærmiljøanlegg;

Kommune	Pri.	Anleggsnr.	Søklar	1.søknadsår	Type anlegg	Løyving
Askvoll	1	1428002604	Askvoll kommune	2015	Klatrepark	300 000
Askvoll	2	1428001106	Askvoll kommune	2015	Binge, rehab.	57 000
Askvoll	4	1428001503	Holmedal Vel	2016	Binge, rehab.	59 000
Bremanger	1	1438000604	Bremanger kommune	2015	Binge, rehab.	62 000
Bremanger	2	1438001205	Bremanger kommune	2015	Binge, rehab.	62 000
Eid	1	1443000505	Heia IL	2015	Binge, rehab.	126 000
Eid	2	1443000506	Heia IL	2015	Løp	165 000
Eid	3	1443000507	Heia IL	2015	Ballbane	300 000
Eid	4	1443000308	Haugen IL	2015	Sandbane	178 000
Eid	5	1443000309	Haugen IL	2015	Sandbane	178 000
Fjaler	1	1429001702	Fjaler kommune	2012	Sandbane	270 000
Fjaler	2	1429000506	Fjaler kommune	2014	Binge	262 000
Flora	1	1401003507	Flora kommune	2015	Binge	300 000
Flora	2	1401008802	Flora kommune	2015	Klatrepark	300 000
Flora	3	1404008801	Flora kommune	2015	Petanque	70 000
Flora	4	1401003802	Flora kommune	2016	Binge, rehab.	62 000
Flora	5	1401003508	Flora kommune	2016	Klatrepark	300 000
Førde	1	1432004402	Slåttebakkane grannelag	2016	Ballbane	300 000
Førde	2	1432002506	Førde kommune	2015	Binge	300 000
Førde	3	1432003204	Førde kommune	2015	BMX sykkel - løype	300 000
Førde	4	1432006401	Lysthaugen grannelag	2015	Binge	124 000
Gaular	1	1430000204	Gaular IL	2015	Sandbane	99 000
Gaular	3	1430000407	Gaular kommune	2015	Binge, rehab.	45 000
Gloppen	1	1445006909	Sandane Turn & IL	2013	Klatrepark	25 000
Gloppen	2	1445002702	Nesjane grendalag	2015	Fleirbruks- område	84 000
Gloppen	3	1445002804	Gloppen kommune	2014	Binge, rehab.	76 000
Gulen	1	1411002101	Ortneset Vel	2015	Binge, rehab.	145 000
Jølster	1	1431002002	Årdalen Vel	2015	Binge, rehab.	58 000
Jølster	2	1431005002	Vikagarden Vel	2015	Binge, rehab.	65 000

Leikanger	1	1419000107	Leikanger kommune	2015	Klatrepark	300 000
Leikanger	2	1419002301	Leikanger kommune	2015	Binge, rehab.	84 000
Luster	1	1426000804	Veitastrond IL	2014	Binge	300 000
Luster	4	1426000106	IL Bjørn	2016	Binge, rehab.	56 000
Lærdal	1	1422000206	Lærdal kommune	2015	Binge, rehab.	77 000
Lærdal	2	1422000307	Borgund Vel	2014	Binge	300 000
Naustdal	1	1433002206	Naustdal kommune	2015	Skateanlegg	265 000
Naustdal	3	1433000405	Naustdal kommune	2016	Binge, rehab.	67 000
Naustdal	4	1433000406	Naustdal kommune	2016	Ballbane	180 000
Selje	1	1441000204	Stadtlandet IL	2016	Binge, rehab.	67 000
Sogndal	1	1420003204	Sogndal kommune	2015	Klatrepark	300 000
Solund	1	1412001601	Solund kommune	2015	Binge, rehab.	75 000
Stryn	1	1449002902	Veten IL	2015	O-kart	47 000
Vågsøy	1	1439000210	Skavøypoll IL	2016	Parkour	150 000
Årdal	1	1424000210	Årdalstangen IL	2015	Sandhand- ballbane	157 000
Årdal	2	1424000803	Årdal kommune	2015	Binge, rehab.	61 000
					<b>45 anlegg</b>	<b>7 158 000</b>

2. Det vert løyvd midlar til følgjande ordinære anlegg styrt av kommunale planar;

Kommune	Pri.	Anleggsnr	Søkjar	1.søknadsår	Type anlegg	Løyving
Askvoll	1	1428003601	Askvoll og Holmedal skyttarlag	2013	Leirdue	217 000
Aurland	1	1421000101	Aurland kommune	2015	Lys	438 000
Balestrand	1	1418005501	Balestrand kommune	2015	Friluftsliv, sanitæranlegg	416 000
Bremanger	1	1438000107	Svelgen T & IF	2014	Klubbhus, møterom	1 000 000
Bremanger	10	1438008701	Bremanger kommune	2016	Friluftsliv, tursti	1 000 000
Bremanger	11	1438008702	Bremanger kommune	2016	Friluftsliv, sanitæranlegg	243 000
Eid	1	1443000605	Fellesanlegget Tua	2011	Standplass	75 000
Eid	2	1443001036	Harpefossen skisenter AS	2013	Klubbhus	413 000
Eid	3	1443005401	Eidsgrenda skyttarlag	2012	Skyteskiver	252 000
Eid	11	1443000603	Fellesanlegget Tua	2016	Klubbhus, universell utforming	87 000
Eid	14	1443001038	Harpefossen skisenter AS	2016	Skitrekk, universell utforming	300 000
Flora	2	1401006804	Flora seglforeining	2013	Klubbhus, lager	457 000
Flora	3	1401006801	Flora seglforeining	2013	Flytebrygge 1	572 000
Flora	4	1401006802	Flora seglforeining	2013	Flytebrygge 2	700 000
Førde	1	1432009701	Førde IL	2014	Kart	102 000
Førde	2	1432009104	Førde IL	2013	Klubbhus, garderobe	1 000 000
Førde	3	1432009105	Førde IL	2013	Klubbhus,	489 000

					lager	
Førde	4	1432009110	Førde IL	2013	Klubbhus, garderobe ekstra 1	500 000
Førde	5	1432009111	Førde IL	2013	Klubbhus, garderobe ekstra 2	455 000
Førde	10	1432003307	Førde kommune	2015	PCB lys	56 000
Gaular	7	1430000205	Gaular IL	2015	Sandvolleyball	142 000
Gloppen	1	1445001010	Breimsbygda IL	2013	Nedfart	319 000
Gulen	1	1411001207	Nyborg skytterlag	2013	Skytebane, inne	197 000
Hornindal	2	1444000202	Hornindal kommune	2013	Frilidrett	175 000
Høyanger	4	1416002001	Vadheim IL	2014	Friluftsliv, turveg	277 000
Høyanger	5	1416002001	Vadheim IL	2014	PCB lys	113 000
Leikanger	1	1419000409	IL Syril	2012	Klubbhus, lager	333 000
Luster	3	1426007802	IL Fanaråk	2016	Friluftsliv, tursti	1 000 000
Lærdal	1	1422000110	Lærdal IL	2015	Klubbhus, møterom	373 000
Naustdal	1	1433003502	Naustdal kommune	2015	Skiløype	254 000
Sogndal	1	1420007701	Sogndal kommune	2013	Friluftsliv, sanitæranlegg	217 000
Sogndal	6	1420000204	Kaupanger IL	2014	Klubbhus, garderobe	1 000 000
Sogndal	22	1420000610	Sogndal skisenter Drift	2016	Friluftsliv, sanitæranlegg	358 000
Stryn	1	1449001115	Markane IL	2015	Lys	700 000
Stryn	2	1449001116	Markane IL	2015	Lys	700 000
Stryn	3	1449001117	Markane IL	2015	Lys	636 000
Stryn	4	1449005317	Veten IL	2008	Lys	169 000
Stryn	5	1449001506	Hardbagg IL	2011	Skiskyting	100 000
Vågsøy	2	1439001601	Skavøypoll IL	2015	Klubbhus, lager	246 000
Vågsøy	3	1439000601	Skavøypoll IL	2013	Lys	140 000
					<b>39 anlegg</b>	<b>16 221 000</b>

3. Det vert løyvd midlar til følgjande anlegg styrt av regional plan;

Kommune	Pri.	Anleggsnr	Søklar	1.søknadsår	Type anlegg	Løyving
Balestrand	2	1418002303	Balestrand jeger og fisk	2013	Leirdue	262 000
Fjaler	1	1429000103	Fjaler kommune	2012	Kunstgras	883 000
Flora	1	1401006505	Flora køyre- og rideklubb	2012	Ridehall	185 000
Flora	8	1401008101	Flora motorsport	2013	Enduro	420 000
Flora	11	1401007403	Grovastøylen AS	2013	Skyting, leirdue	162 000
Flora	12	1401007401	Grovastøylen AS	2013	Skyting, 100 meter	1 000 000

Førde	9	1432000301	Førde kommune	2015	Hall, idretts- dekke	1 300 000
Gaular	5	1433000308	Gaular kommune	2013	Hall	3 000 000
Gloppen	11	1445007102	Gloppen kommune/ Trivselshagen IKS	2012	Basseng, stup	500 000
Gloppen	12	1445007103	Gloppen kommune/ Trivselshagen IKS	2012	Basseng, opplæring	3 500 000
Gloppen	13	1445007106	Gloppen kommune/ Trivselshagen IKS	2012	Hall, styrke- trening	300 000
Gloppen	14	1445000501	Gloppen kommune/ Trivselshagen IKS	2012	Hall, idretts- dekke	362 000
Hornindal	1	1444000101	Hornindal kommune	2012	Kunstgras	990 000
Hyllestad	1	1413000101	Hyllestad kommune	2012	Kunstgras	803 000
Høyanger	1	1416000805	Høyanger kommune	2013	Kunstgras	885 000
Høyanger	2	1416000401	Høyanger kommune	2014	Hall, idretts- dekke	267 000
Høyanger	3	1416000103	Høyanger kommune	2012	Kunstgras	811 000
Jølster	1	1431005004	Jølster skytterlag	2013	Skyting, elgbane	198 000
Luster	1	1426006301	Luster kommune	2012	Basseng, trenings- basseng	2 875 000
Luster	2	1426006302	Luster kommune	2012	Basseng, stup	1 000 000
Sogndal	3	1420006808	Sogndal fotball	2012	Hall, styrke- trening	700 000
Sogndal	4	1420006809	Sogndal fotball	2012	Hall, garderobe	500 000
Vik	1	1417000102	Vik IL	2013	Kunstgras	1 541 000
					<b>23 anlegg</b>	<b>22 444 000</b>

4. Følgjande anlegg vert tildelt av tilbakebetalte midlar;

Kommune	Pri.	Anleggsnr.	Søkjjar	1.søknadsår	Type anlegg	Løyving
Flora	1	1401006505	Flora køyre- og rideklubb	2012	Ridehall	297 000
					<b>1 anlegg</b>	<b>297 000</b>

5. Følgjande anlegg vert tildelt midlar av inndregne midlar 2015:

Kommune	Pri.	Anleggsnr.	Søkjjar	1.søknadsår	Type anlegg	Løyving
Flora	1	1401006505	Flora køyre- og rideklubb	2012	Ridehall	148 000
					<b>1 anlegg</b>	<b>148 000</b>

6. Følgjande anlegg vert tildelt midlar av inndregne midlar 2016:

Kommune	Pri.	Anleggsnr.	Søkjær	1.søknadsår	Type anlegg	Løyving
Gloppen	19	1445000501	Gloppen kommune/ Trivselshagen IKS	2014	Hall, heisveggar	195 000
Vågsøy	5	1439000905	Nordfjord- hallen AS	2014	Hall, kunstgras	124 000
Flora	1	1401006505	Flora køyre- og rideklubb	2012	Ridehall	50 000
					<b>3 anlegg</b>	<b>369 000</b>

#### 7. Følgjande anlegg vert tildelt av rentemidlar:

Kommune	Pri.	Anleggsnr.	Søkjær	1.søknadsår	Type anlegg	Løyving
Vågsøy	5	1439000905	Nordfjord- hallen AS	2014	Hall, kunstgras	129 000
Sogndal	13	1420000111	Sogndal fotball	2014	Kunstgras, undervarme	700 000
					<b>2 anlegg</b>	<b>829 000</b>

**...** [Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

**...** [Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

Vedlegg:

1. Brev frå Kulturdepartementet datert 29.04.16
2. Hovudfordelinga av spelemidlar 2016
3. Liste over søknader til nærmiljøanlegg 2016
4. Liste over søknader til ordinære anlegg 2016
5. Liste over ikkje godkjende søknader 2016
6. Oversikt over alle vurderingane av spelemiddelsøknadene i kommunane 2016

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Rundskriv frå Kulturdepartementet, V – 952 B datert 15.06.2015
2. Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016 – 2019, vedteken av Fylkestinget 08.12.2015
3. Elektroniske søknader

## SAKSFRAMSTILLING

### 1. Samandrag

Gjennom rundskriv V-0732 N datert 15.juni 2015, har Kulturdepartementet gjeve retningslinjer for tilskot frå spelemidlane. Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, kommunale planer og prioriteringar legg viktige føringar for kva anlegg som vert prioritert for tilskot det enkelte år.

Til dei to søknadsgruppene, nærmiljøanlegg og ordinære anlegg, kom det i år inn 309 søknader med ein samla godkjend søknadssum på kr. 192 478 000. Dette er kr. 37 683 000 meir enn i 2015. 296 av søknadane er godkjende for tildeling av spelemidlane, og det er rådd til tilskot til 110 anlegg.

Rammetilskotet er fordelt mellom fylka etter fordelingsnøkkelen for ordinære anlegg i Stortingsmelding nr. 14 «Idrettslivet i endring» og Meld. St. nr. 26, «Den norske idrettsmodellen».

Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for 2016 – 2019 legg opp til å fordele 85 % til ordinære anlegg, fordelt mellom 55 % til anlegg styrt tildeling etter regional plan og 30 % til anlegg styrt tildeling etter berre kommunale planar og 15% av ramma kan nyttast til nærmiljøanlegg.

Fylkesdirektøren rår til å fordele 47 466 000 kroner på 110 anlegg. I tillegg er det sett av kr 594 000 til klagehandsaming. Disponibel sum kjem fram når vi summerer rammetilskot på kr. 45 823 000, kr. 829 000 av inneståande rentemidlar, tilbakebetalte midlar på kr. 297 000, inndregne midlar i 2015 på kr. 148 000, og inndregne midlar i 2016 på kr. 369 000.

Fylkesdirektøren tilrår i denne saka til å nytte kr. 7 158 000 til nærmiljøanlegg. Det vil seie at 45 av 101 godkjende søknader for 2016 får tildeling.

Fylkesdirektøren tilrår også å nytte kr. 40 308 000 til ordinære anlegg. Det vil seie at 65 av 195 godkjende søknader for ordinære anlegg får tildeling.

## **2. Bakgrunn for saka**

Spelemidlar til idretts- og friluftslivanlegg er heimla i Lov om pengespel mv. av 28.august 1992 nr. 103. Forskriftene er gjeve ved Kongeleg resolusjon av 11.desember 1992.

For at ein søknad om spelemidlar skal kunne fremjast, er det eit vilkår at anlegget er prioritert i handlingsprogrammet i vedteken «kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv». Vidare er det eit krav at søknaden fyller krav om dokumentasjon som idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning, kostnadsoverslag, dokumenterte postar i finansieringsplanen, driftsplan og rett til bruk av grunnen i form av tinglysing av avtalen.

Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for 2016 – 2019 styrer tildeling til dei store anlegga i fylket. Fylkestinget har sett som krav at anlegget er kostnadskrevjande, arealkrevjande og kan vere ei miljømessig belastning. Dette gjeld motorsport-anlegg, nye utandørs skytebaner, alle typar hallar inklusiv delement, kunstgrasbaner lik eller større enn 64 x 100 meter, hoppanlegg større enn K 40 inklusiv plastlegging, golfanlegg, alpinanlegg med høgdeskilnad 100 meter eller meir og kunstisbaner. Nytt av året er at også rulleskibaner som tek i vare trafikktryggleik også vert styrt tildeling av regional plan, med første tildelingsår 2017.

## **3. Viktige plandokument/saksgang/reglar for tildeling**

### **3.1 Plandokument:**

Fylkesdelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2016 – 2019. Vedtekne kommunale planar for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

### **3.2 Lover, reglar og føresegner:**

Føresegner om tilskot for idrett og fysisk aktivitet – 2015.

### **3.3 Saksgang for spelemiddelsøknader**

- Søknaden skal sendast elektronisk via nettstaden [www.idrettsanlegg.no](http://www.idrettsanlegg.no) til kommunen. Kommunen bestemmer sjølv søknadsfrist, og handsamar og prioriterer søknadene på eigne prioriteringslister for nærmiljøanlegg og ordinære anlegg.
- Innan 15.januar skal kommunane sende søknadene elektronisk til fylkeskommunen. Etter gjennomgang av søknadene skal fylkeskommunen sette opp liste for kvar søknadsgruppe.
- Innan 15.mars skal desse listene sendast idrettsavdelinga i Kulturdepartementet. På grunnlag av disponibelt overskot i Norsk Tipping AS vert rammene for kvar fylkeskommune fastsett i Statsråd.
- Seinast 1.mai skal fylkeskommunen få melding om rammetilskotet.
- Fylkeskommunen (HNK) fordeler rammetilskotet + moglege rentemidlar, tilbakebetalte og inndregne midlar både for 2015 og 2016.
- Melding om fordeling skal sendast Kulturdepartementet innan 1.juli.
- Brev ut til søkjarane med melding om vedtak og vilkår for tildelte midlar vert sendt første del av juni månad.

### 3.4 Klage

Forvaltningslova § 27 og 28, gjev søkjar som har fått avslag på søknad om stønad rett til å klage på vedtaket. Hovudutval for næring og kultur handsamar klagen som underinstans. Klageinstans er Kulturdepartementet.

Føresegner om tilskot seier at rentemidlar og inndregne midlar skal vere tilgjengeleg ved handsaming av klagesaker, anten det er fylkeskommunen eller Kulturdepartementet som gjev klagaren medhald.

### 3.5 Søknadsgrupper

Søknadene er delt i 2 søknadsgrupper:

1. Nærmiljøanlegg
2. Ordinære anlegg

### 3.6 Søknadstype

Gjenteken	Søknader som har fått startløyving og som skal ha ytterlegare tilskot i år.
Fornya	Søknader som har søkt tidlegare, men som ikkje enno har fått tildeling.
Ny	Søknader som ikkje har søkt tidlegare.

### 3.7 Reglar for prioritering og fordeling av spelemidlane

#### 3.7.1 Kulturdepartementet har i brev av 29.04.2016 gitt følgjande reglar for tildeling av spelemidlar:

- «1. Søknader som har fått tildeling tidligere skal få dekket restbeløpet (gjentatte søknader).
2. Det resterende beløpet nyttas til andre godkjente søknader.
3. Anlegg spesielt tilrettelagt for personer med nedsatt funksjonsevne prioriteres.
4. Søknader som gjelder rehabilitering av lysanlegg med PCB-holdige armaturer, jfr. bestemmelser i V-0732, pkt. 2.6.4, prioriteres.
5. Anlegg som får tilskudd lik eller mindre enn normalsatsen, kr 1 000 000 (ekskl. særlige tilskuddssatser), skal ikke deles.
6. Anlegg som får tilskudd større enn normalsatsen kan få tilskuddet fordelt over to år, med en halvdel hvert år.
7. Anlegg som får tilskudd på mer enn kr 5 000 000 kan få tilskuddet fordelt over tre år, med en tredjedel hvert år.
8. Anlegg som ikke tildeles midler i år kan søke på nytt, og bli vurdert ved neste års fordeling, på linje med andre søknader.
9. Det er kun prosjekter som inngår i en vedtatt kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet som er tilskuddsberettigede (om nærmiljøanlegg, se nærmere bestemmelse i V-0732, pkt 3.1.14).»

#### 3.7.2 Fylkeskommunale prioriteringar

Fylkesdirektøren viser til orientering til hovudutval for næring og kultur 12.05.16 om tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Følgjande føringar er lagt til grunn i fylkesdirektøren sitt framlegg til fordeling av spelemidlane:

##### Fordeling på anleggstypar

Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv legg opp til at tilgjengelege midlar vert fordelt på følgjande måte:

- |  |               |
|--|---------------|
| • Nærmiljøanlegg                         | - inntil 15 % |
| • Ordinære anlegg styrt av kommunal plan | - inntil 30 % |
| • Ordinære anlegg styrt av RP            | - inntil 55 % |

##### Friluftsliv

Som tiltak i regional plan er friluftslivssøknader prioriterte første godkjende søknadsår. Tal godkjende friluftslivssøknader er forholdsvis stabilt frå 2015 til 2016. I år vert sju anlegg tilrådd tildelt 3 511 000 kr. mot 3 924 000 kr. til åtte anlegg i 2015. Systematisk informasjonsarbeid mot idretten, kommunar og frivillige lag og organisasjonar innan friluftsliv og Friluftslivets år i 2015 kan vere årsaker til at søknader til friluftsliv held seg stabilt.

*Oppfølging av kulturdepartementet sine særlege prioriteringar*

Kulturdepartementet legg føringar på å prioritere søknader som legg særskild til rette for personar med nedsett funksjonsevne. I år vert to slike anlegg tildelt kr. 358 000. Det vert i tillegg lagt føringar på å gje tilskot til anlegg som skiftar ut PCB-haldige lysarmaturar til energisparande LED-belysning. Dette er ei tidsavgrensa satsing fram til og med 2017. Det er lagt opp til å gje tilskot til to slike anlegg i 2016 med til saman kr. 169 000.

#### *Tildeling til alle kommunar*

Det er fylkesdirektøren sitt mål at minst eitt anlegg i kvar kommune skal få tilskot frå spelemidlane. Dei kommunale prioriteringane vert lagt til grunn og følgt opp så langt råd er. For å innfri målet om tilskot til anlegg i alle kommunane, må dette også sjåast opp mot at dette kan vere anlegg frå regional plan, eit friluftslivsanelegg, nærmiljøanlegg, anlegg som vert oppgradert for å tilfredsstille krava til universell utforming og/eller utskifting av PCB-haldige lysarmaturar.

#### *Nokre særlege utfordringar – kommunale prioriteringar*

Kommunane prioriterer sine søknader i to grupper; nærmiljøanlegg og ordinære anlegg. Fylkesdirektøren legg som hovudprinsipp dei kommunale prioriteringane til grunn i sitt arbeid med å tilrå fordeling av spelemidlane. Vi registrerer at ein del kommunar prioriterer nye anlegg framom eldre søknader i sine oppsett. Kommunane står fritt til å prioritere, men det kan oppstå uønska situasjonar når ferdige anlegg kjem langt ned på prioriteringslista, og det må søkjast om att år for år. For å rydde unna ein del av desse søknadane, har fylkesdirektøren valt å tilrå tilskot til seks anlegg innan både nærmiljøanlegg (fem) og ordinære anlegg (eitt) der vi løftar opp anlegg til løyving. Dette gjeld for kommunane Askvoll, Gaular, Gloppen, Luster, Naustdal, Sogndal og Vågsøy, og utgjer samla tildeling kr. 549 000. Denne prioriteringa effektiviserer seinare års arbeid for både frivillig sektor, kommune og fylkeskommune.

#### *Nokre særlege utfordringar - framsk Kunde løyvingar til anlegg i regional plan*

Grunna det høge rammetilskotet vil det vere rom for å tildele til fleire anlegg i regional plan enn det som er prioritert for tilskot i 2016. Fylkesdirektøren har difor valt å prioritere fire ferdige anlegg eitt år tidlegare enn planlagt. Dette gjeld etablering av ridehall i Flora, skifte av heisveggar i Firdahallen i Gloppen, skifte av kunstgras i Nordfjordhallen i Vågsøy og etablering av undervarme på kunstgraset på Fosshaugane Campus i Sogndal. Dette utgjer ein samla tilskotssum på kr. 1 828 000, og opnar opp for at fleire anlegg kan komme raskare i posisjon for tilskot i 2017.

## **4.0 Årets søknader – pengar til fordeling – vurdering og konsekvensar**

### **4.1 Innkomne søknader**

Tal søknader i 2016 har auka med vel 20 % for begge søknadsgruppene og nærast ei tre-dobling av tal nærmiljøanleggsøknader på to år. Gjennomsnittet for heile landet er på 7 % auke frå 2015 til 2016. I år er 99 % av søknadene godkjende og dette året er det rekord i tal søknader med 309 søknader mot 246 i 2015. Type anlegg det er søkt til, fordeler seg slik:

- Ordinære anlegg 203 – av desse er 195 godkjent for tildeling av spelemidlar
- Nærmiljøanlegg 106 – av desse er 101 godkjent for tildeling av spelemidlar

Søknadane grupperer seg slik når det gjeld ny/fornya/gjentatt søknad:

- Gjentatt søknad: 7
- Fornya søknad: 176
- Ny søknad: 126

Fylkesdirektøren har siste åra arbeidd systematisk og målretta med kompetanseheving både i kommunane og blant søkjarar i frivillig sektor. Årets tildeling viser at dette arbeidet gjev resultat. Dette har skjedd i form av regionvise kurs på hausten i tillegg til både anleggskonferansar og kommunale samlingar. Dette fokuset må haldast ved like i åra framover ettersom stadig nye organisasjonar som kan søkje kjem til, og fagpersonar innan kulturfeltet i kommunane vert skifta ut. Det er viktig å peike på kor avhengig frivillig sektor er av god kommunal oppfølging av sine søknader, slik at kvaliteten på søknadene ved oversending til fylkeskommunen er god. Fylkesdirektøren har lagt opp til anleggsrådgjeving som tek opp i seg visjonen i regional plan, nemleg fysisk aktivitet for alle.

Dette syner att i både søknadsauken og variasjonen i type anlegg som vert etablert, der blant anna fleire anlegg for ulike ballspel som t.d. petanque, handball utandørs, sandbaner for volleyball, fotball og handball, tennis og sykkelløyper, balanseparkar og klatreparkar. Det verkar



som behovet for ballbingar er metta, og det er få søknader til etableringar. Det er gledeleg å sjå at totalt for heile søknadsmassen er 40 % av søknadene til rehabilitering i 2016 mot 20 % i 2014.

#### 4.2 Fordelingskriterier for rammetilskot til fylka

Rammetilskotet frå spelemidlane vert fordelt mellom fylka etter fordelingsnøkkelen for idrettsanlegg, fastsett av Stortinget i Stortingsmelding nr. 26, «Den norske idrettsmodellen». Stortinget sitt vedtak om opptrapping av tippenøkkelen slik at 64 % av overskotet til Norsk Tipping A/S går til idrettsformål er gjennomført. Fordelingsnøkkelen (gjort gjeldande frå 2001) fordeler rammetilskotet til fylka etter følgjande vektning;

- Godkjend søknadssum (50 %)
- Tal innbyggjarar i fylket (25 %)
- Anleggsfordeling (25 %)

#### 4.3 Rammetilskot og samla sum til fordeling i 2016

##### 4.3.1 Rammetilskotet og bruken av dette

I brev frå Kulturdepartementet, datert 29.04 15 har Sogn og Fjordane fylkeskommune fått melding om ei tilskotsramme på kr. 45 823 000. Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for 2014 – 2017 legg opp til å nytte denne tildelinga slik;

##### *Nærmiljøanlegg – 15 %*

Fylkesdirektøren tilrår å nytte kr. 7 158 000 til nærmiljøanlegg. Det vil seie at 45 av 106 godkjende søknader for 2016 får tildeling som tilsvarar om lag 15 % av ramma.

##### *Ordinære anlegg - tildeling styret etter regional plan 55 % og etter kommunal plan 30 %.*

Fylkesdirektøren tilrår å nytte kr. 40 308 000 til ordinære anlegg. Det vil seie at 65 av 195 godkjende søknader for ordinære anlegg får tildeling.

##### 4.3.2 Inndregne spelemidlar, tilbakebetalte midlar og rentemidlar

Inndregne og tilbakebetalte midlar og rentemidlar skal leggest til årleg rammetilskot, og nyttast til føremålet. Pr. 13.05.16 utgjer dette:

- kr. 148 000 (inndregne midlar 2015)
- kr. 953 000 (inndregne midlar 2016)
- kr. 829 000 i rentemidlar og
- kr. 297 000 i tilbakebetalte midlar.

SUM: kr. 2 227 000

##### 4.3.3 Samla sum til fordeling i 2016

Årets tildeling frå kulturdepartementet, rentemidlar og inndregne midlar gir ein samla sum til fordeling i 2015 som fordeler seg slik:

- kr. 45 823 000 årets tildeling frå kulturdepartementet
- kr. 2 227 000 (rentemidlar, tilbakebetalt og inndregne midlar)

Dette gir ein samla sum på 48 061 000 kroner til fordeling i 2016. 47 466 000 kroner vert tilrådd løyvt i denne saka. Kr. 594 000 (inndregne midlar i 2016) vert sett av til bruk ved ev. klagesaker. Dersom det ikkje kjem klagesaker, kan midlane tidelast ordinære søknader når klagefristen er gått ut, ev overførast til 2017.

#### 4.4 Samhandling med idrettskrinsen

Fylkesdirektøren samhandlar tett med m.a. Sogn og Fjordane idrettskrins når det gjeld informasjon og skulering i høve spelemiddelordninga. Det er også naturleg å drøfte framlegg til fordeling med dei. Det har ikkje vore tid til dette før saka vert ferdigstilt, men framlegget til fordeling av spelemidlar for 2016 vil bli gjennomgått og drøfta med organisasjonssjef i Sogn og Fjordane idrettskrins før hovudutvalet sitt møte. Ev kommentarar eller merknader frå idrettskrinsen vil bli ettersendt, eller lagt fram i møtet.

## **5. Nærare om anleggstypar, tilskot og vurderingar**

### 5.1 Nærmiljøanlegg

Vi har motteke 106 søknader, der 101 av desse kunne godkjennast. Godkjend søknadssum i 2016 er kr. 21 673 000 (dette er kr. 8 974 000 meir enn i 2015). Årsaka til manglande godkjenning er

manglande gyldig idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning. Det vert tilrådd løyvd kr. 7 158 000 til 45 av 101 godkjende søknader. Dette utgjør vel 15 % av samla tildeling.

Alle kommunar søkjer om midlar til nærmiljøanlegg. Fylkesdirektøren finn likevel ikkje rom for å kunne tildele midlar til nærmiljøanlegg i Aurland, Balestrand, Hornindal, Hyllestad, Høyanger og Vik fordi ordinære anlegg vert prioritert framom og nærmiljøanlegg som har eldre søknader i andre kommunar er prioriterte. Fylkesdirektøren har gjort ei samla vurdering i kvar kommune der eldre søknader opptil seks år gamle på t.d. ordinære anlegg i ein kommune har blitt prioritert framfor nye søknader frå 2016 til nærmiljøanlegg i ein annan kommune. For nærmiljøanlegg er ventetida på om lag 2 år.

## 5.2 Ordinære anlegg

Vi har motteke 203 søknader og av desse er 195 godkjende med ein samla søknadssum på kr. 171 111 000 (dette er 28 709 000 kroner meir enn i 2015).

Etter føringane i regional plan skal 85 % av løyvinga tildelast ordinære anlegg styrt av regional plan og kommunal plan. Fylkesdirektøren tilrår å tildele 40 308 000 kroner, som er rett i underkant av 85 %. Fylkesdirektøren rår til at det vert løyvd kroner 22 444 000 til 23 anlegg som får styrt tildeling etter regional plan. Vidare er det rådd til tilskot til anlegg styrt etter kommunale planar med kr 16 221 000 til 39 anlegg. Totalt får 65 ordinære anlegg midlar når både inndregne midlar, tilbakebetalte og rentemidlar vert nytta i tillegg til ramma frå Kulturdepartementet.

Som tidlegare peika på, gir årets rammetilskot rom for å tildele til fleire anlegg i regional plan enn det som er prioritert for tilskot i 2016. Dette medfører at det vert frigjort nærare 2 mill kr i 2017. Dette gjer at tildeling til anlegg prioritert i regional plan vil kunne skje raskare enn først planlagt.

Med ein samla godkjend søknadssum på kr. 171 111 000, og eit rammetilskot til ordinære anlegg på kr. 40 308 000, er den gjennomsnittleg ventetida på om lag fire år. Ventetida for tildeling for anlegg styrt av regional plan har gått litt ned.

## 5.3 Oversikt over årleg % vis fordeling av tilskot til anlegg i regional plan og kommunale planar:

År	% - vis fordeling etter RP	% - vis fordeling kommunale planar
2010	75,3 %	24,7 %
2011	72,4 %	27,6 %
2012	62,2 %	37,8 %
2013	62,5 %	37,5 %
2014	55,0 %	45,0 %
2015	67,0 %	33,0 %
2016	50,7 %	47,3 %

## 5.4 Vurderingar

Sogn og Fjordane har også i 2016 fått ei god rammetildeling. Dette betyr at heile 110 anlegg får midlar i 2016 mot 47 i 2013, 50 i 2014 og 60 i 2015. Det er framleis svært god dugnadsånd og vilje til å etablere anlegg, og ikkje minst rehabilitering av anlegg. Årets søknader har ein auke i tal søknader som legg opp til rehabilitering av anlegg, dette er 40 % av søknadane. Dette gjeld begge anleggskategoriari. Dette er gledeleg og dempar anleggsdekninga i fylket, som er høg samanlikna med landet elles. Fylkeskommunen har arbeidd systematisk med å kartlegge anlegg som er nedlagde og som ikkje lenger eksisterer, slik at desse har rett status i anleggsregisteret. Dette kan ha påverka auka tildeling til fylket i år. Kommunane er ansvarleg for oppdatering av dette registeret. Regional plan har presisert betydinga av at fylket har mange eldre anlegg som t.d. mange symjehallar frå slutten av 1960 – talet som treng rehabilitering. Det er ein auke i tal søknader som har fokus på rehabilitering framfor nyetableringar.

Det vert i den regionale planen også peika på at mange kunstgrasbaner vart etablert i byrjinga av 2000 – talet. Desse kan søkje om rehabilitering etter 10 år, og det må forventast at mange av desse skal rehabiliterast i åra som kjem. Det ligg ingen føring på at desse søknadene skal prioriterast ved tildeling framfor nyetableringar, men det er gledeleg å merke seg at anlegg vert haldne ved like ved ei oppdatert rehabilitering.

Fylkesdirektøren legg opp til også i år å halde fast ved ein tildelingspolitikk der alle kommunar i fylket med godkjende søknader, og søknader som kan få tildeling, skal få til minst eitt anlegg. Prioriteringslistene i kommunane vert lagt til grunn. Resultatet vert ei god fordeling mellom

kommunane for å motivere til auka anleggssatsting i mange kommunar samstundes. Det er store variasjonar mellom kommunar på tal søknader. Fylkesdirektøren legg opp til ei fordeling av midlane der presset på å bygge anlegg er stort. Dette betyr at kommunar med mange søknader som Eid, Flora, Førde, Sogndal, Stryn, Naustdal, Luster og Gloppen også i år får ei forholdsvis god tildeling.

Som tidlegare år vert søknader til friluftsliv prioritert for tildeling første søknadsår under føresetnad av godkjend søknad. Dette er formulert som eit tiltak i regional plan, og betyr at sju søknader får ei samla tildeling på kr. 3 511 000. Dei søknadane som ikkje er godkjende skuldast i all hovudsak manglande avklaring av avtale med grunneigar eller tinglysing innan søknadstidspunktet 15.mars. I år er vert det tildelt midlar til etablering av sanitæranlegg, turvegar, turstiar, turløyper i kommunane Balestrand, Bremanger, Høyanger, Luster og Sogndal. Dette er ei viktig satsing for å nå visjonen i regional plan om fysisk aktivitet for alle.

Det må vere eit mål for alle som søker å få sine søknader godkjend. I år er heile 99 % av søknadene godkjende og dette gjev ei auka løyving ettersom godkjend søknadssum tel 50% av vektinga ved vurderinga for tildelinga frå Kulturdepartementet.

Fylkesdirektøren har hatt ekstra tett oppfølging av kommunar for søknadsåret 2016 som tidlegare har hatt låg godkjenningsprosent, då dette vil auke total tildeling til fylket, og bidra til å ta ned etterslepet. Dette har vi lukkast med dette året og kommunane har sett av meir tid til dette arbeidet og ser nytten av det. Det bør nemnast at det ved årets tildeling vert løyvd til heile 110 anlegg frå både ordinære ramme, inndregne midlar, tilbakebetalte og rentemidlar. Det er god spreining mellom anleggstypar som får tildeling sjølv om anleggsutbygging går i bølgedalar i kommunane. Fylkesdirektøren har vurdert tidlegare års tildelingar i kommunane som grunnlag ved årets tildeling. Det er verd å merke seg at auka ramme i år gjer at fire anlegg i RP som er prioriterte i 2017 får tildeling i 2016 og dette utgjer totalt kr. 1 828 000.

Slik fylkesdirektøren ser årets forslag til fordeling av spelemidlane, vil denne ha positiv innverknad på ventetida. Denne går ned noko ned gjennomsnittleg, og anlegg som er prioritert i regional plan vert tildelt raskare enn først tenkt. Fylkesdirektøren ser at dette er med på å effektivisere saksbehandling både i frivillige lag og organisasjonar, kommunar og fylkeskommune.

Når det gjeld ikkje godkjente søknader, viser fylkesdirektøren til oversikta i vedlegg 5. Fylkesdirektøren har også valt å legge ved ei vurdering av søknadane frå den enkelte kommune. Desse vurderingane er å finne i vedlegg 6.

## **6. Konklusjon**

Fylkesdirektøren viser til drøftingane i saka, og dei forslag til prioriteringar som er gjort. Fylkesdirektøren rår til vedtak i samsvar med forslag til vedtak.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)